

hyllestadseminaret

Målsetjinga med Hyllestadseminaret er å spreie kunnskap om kvernsteinsdrifta og nærliggjande tema i fagmiljø både innanlands og utanlands, og å gjere lokalsamfunna medvite om kva ressursar ein sit med, skal ta vare på og hauste av.

Vi meiner dette best kan gjerast ved å kombinere førelesingar på høgt fagleg nivå med opplevinga av området og dei synlege restane etter produksjonen

Tidlegare seminar:

- 1998: Bergarten i kvernberget og eksport av åfjordstein .
- 2004 Dei store steinkrossane langs Vestlandskysten.
- 2005 Stein som handelsvare i vikingtid og tidleg mellomalder.
- 2006 Med geolog og arkeolog i steinhoggaren sine fotefar –tusen år etter
- 2007 Kverna i samfunnet
- 2008 Kvernstein i Hyllestad - i norsk og europeisk samanheng
- 2009 Nytt liv i gamle steinbrot - ein møtestad for forskning og formidling

På seminaret i 2010 vert det sett fokus på formidling

Fagnemnd for Hyllestadseminaret:

Professor i arkeologi Ingvild Øye, amanuensis v/Bergen sjøf.museum Arild Marøy Hansen, amanuensis i geologi Øystein Jansen, historikar Finn B. Førund og dagleg leiar Astrid Waage (sekretær)

Stiftinga

Norsk Kvernsteinsenter

vart etablert i juni 2009. Stiftinga skal vere ein brubyggar og samarbeidspartnar i arbeidsfeltet mellom forskning, formidling og forvaltning. Etter vedtektene skal Norsk Kvernsteinsenter òg føre vidare og vidareutvikle Hyllestadseminaret.

Dette ynskjer ein å gjere i lag med dei samarbeidspartnarane som gjennom fleire år har etablert seminaret til ein årvisst møtestad for utveksling av kunnskap om kvernsteinshistorie i vid forstand. Ein ynskjer å føre vidare tradisjonen med føredrag på høgt fagleg nivå, kombinert med oppleving ute i steinbrotlandskapet.

Hyllestadseminaret vart til ut frå ynskje om å få vite meir om, og formidle kunnskapen om kvernsteinsproduksjonen i Hyllestad. Etter kvart er perspektivet utvida til å omfatte alle produksjonsstadene i Norge. Kontaktar og samarbeid er etablert både nasjonalt og internasjonalt. Det er ut frå dette utvida perspektivet Norsk Kvernsteinsenter er stifta. På Hyllestadseminaret vil difor historia frå Selbu og Saltdal vere like sentral som historia frå Brønnøy, Hyllestad og Vågå, og dei andre kommunane som kjem til.

Overskrifta for Hyllestadseminaret 2010 er: "Kom her skal du sjål" Uttrykket er lånt frå amatør-arkeolog Petter Dyrkorn, og uttrykker iver etter å dele det ein har funne ut med andre. Dette er i eit nøtteskal det ein ynskjer Hyllestadseminaret skal bidra til..

Velkomne "Kom her skal du sjål!"

hyllestadseminaret 2010

"Kom her skal du sjål!"

Formidling av funn og forskning



Seminar i Hyllestad
24. og 25. april 2010

Arrangørar:
Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter
Kvernsteinslauget
Folkeakademiet Hyllestad

Laurdag 24. april:

- Kl.10.00 Frammøte på Hyllestad skule**
Registrering, kaffe
- Kl.10.20 Opning av seminaret**
Lidvin Osland, styreleiar i Norsk Kvernsteinsenter
- Kl.10.45 Kleber til kirker og graut**
- om klebersteinsbrudd og middelalderens steinkirker
Øystein Jansen, amanuensis Bergen Museum og Lagleiar naturstein ved NGU Tom Heldal
- Kl.11.30 Å arbeide med kleberstein**
Eva Stausøien, steinhoggar
- Kl.12.15 Pause**
- Kl.12.30 Formidling av handlingsboren kunnskap**
Atle Ove Martinussen, Direktør ved Museumssenteret i Hordaland
- Kl.13.15 Formidling og entreprenørskap i Saltdalen**
Kristine Farstad, konservator ved Salten Museum
- Kl.14.00 Lunsj i Kvernsteinsparken**
- 16.30 Hoggeaktivitetar, arbeid i smia, ulike handtverksteknikkar, gropkoking mm
Torbjørn Løland og elevar frå Hyllestad skule
- Kl.19.00 Middag og sosialt samvær i Kvernsteinsparken**
Middagen vert servert i storehuset, med eld på gruva. Ta difor på varme og robuste klær som toler røyklukt.

Sundag 25.april:

- Kl. 09.00 Leia som historieforteller**
Arild Marøy Hansen, amanuensis ved Bergens Sjøfartsmuseum
- Kl. 09.45 Blant vrak og miljøgifter - Kvernsteiner i Vågen, Bergen**
Ole-Magne Nøttveit
Prosjektleiar Marinarkeologi Vågen
- Kl. 10.30 Pause**
- Kl. 10.45 I skuggen av Jutlamannen**
- vikingtidsplassen på Bjørkum i Lærdal
Arkeolog Morten Ramstad, Bergen Museum
- Kl. 11.30 Nytt frå *Millstone***
Gurlı Meyer, prosjeleiar Millstone
- Kl. 12.00 Nasjonalt samarbeid**
- Kl. 12.30 Avslutning**
- Kl. 13.00 Lunsj**



Påmelding til:

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter
6957 Hyllestad
post@kvernstein.no
Tlf 95758514

Innan laurdag 10.april 2008

Deltakaravgift:

1 dag: kr. 200/ Begge dagar: kr. 300
Enkel lunsj er inkludert
Enkle foredrag kr. 50

Overnatting:

Gje melding om behov for overnatting ved påmelding, då all overnattingskapasitet er booka denne helga.

Praktiske opplysningar:

Reisemåte: Ekspressbåt frå Bergen, Sogn og Nordfjord til Rysjedalsvika.
Ekspressbussar nord/sør, aust/vest stoppar i Lavik.

